

## Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 26.11.2015

### YMSE

Styreleiar ønskte det nye styret vel møtt til det første styremøtet, og styremedlemene gav ein kort presentasjon.

#### **Besøk på fagskulane.**

Hordaland fagskulestyre har som mål å besøkja alle tre fagskulane i Hordaland

#### **Vedk. status for studentar og manglande stønad frå NAV.**

Hordaland fagskulestyre utarbeider brev til Arbeids- og sosialdepartementet vedk. sterk uro over bortfall av dagpengar frå NAV medan studentane fullfører utdanninga.

#### **Vedk. plan om Lokal gastronomi på Hjeltnes:**

Rektor v/Bergen tekniske fagskole orienterte om status. Fagtilbodet er pr.d.d. ikkje godkjent i den form det no har, og det vert arbeidd vidare med å få NOKUT si godkjenning. Frist for tilsvar til NOKUT er 06.01.16.

#### **Styremøte/heildagsseminar 26. januar 2016.**

Neste styremøte/heildagsseminar er sett til 26. januar 2016, og rådgjevar Adeline Landro og styreleiar presenterte planar for heildagssamlinga.

#### **Førebuing av sak til neste styremøte.**

Administrasjonen utarbeider sak som skal omhandla strategiar for å få til betre marknadsføring og rekruttering til helsefagskuletilboda. Styremedlemene sender eventuelle innspel til administrasjonen.